

— 10 —

det seg paaverknad fraa *keltiske* folk. So kjem det ein tidebolk paa ei 300 aar med merke etter *romarkultur*; me finn romerske mynter, kjerald og anna tarvende, stundom med latinske innskrifter^{*}. Sidan vert det ei tid som syner paaverknad fraa frankar, burgundar og angelsaksar i den store *folkeflutningstidi* (300—500 e. Kr.). Men etter denne tidi ovrar det seg ein heilstøypt, formrik og formvæn kultur, som er *germansk*, og som i alle maatar skil seg ut fraa den som raadde i den klassiske forntidi. Funderne fraa den eldre jernalderen syner oss at Norig daa hev vore bygt alt nord til Andøyi og langt upp i mange fjelldalar, endaa storfjolden av folket ogso den tidi hev butt fram med sjosida.

At det er vaare forfeder som hev butt i Norig i den eldre jernalderen, hev me fullvisse prov paa. Den græske landkunnige Ptolemæos, som livde omkring 150 aar etter Kr., fortel soleis um *Skandia* (Norig og Sverike; eigenleg Skaane) at lengst nord budde *Fonnoi* (finnarne^{**}) og lengst vest *Chaidinói* (gamalnorsk: *heimir*, heidmarkingar). Og ein gotisk sogeskrivar Jordanes (umkr. 550 e. Kr.) nemner: *Ragnaricii* (folk i Ránriki, no Bohuslen), *Raumaricii* (Romerikingar), *Aganzii* (folk i Agder), *Ethelrugii* (rygjer), *Arothi* (hordar) og fleire andre norske folkenamn.

* Soleis fann dei paa Farnen, Vang, Heidm. i 1865 i ein rund gravhaug ei romersk bronseskaal, fylt med brende bein; ho hev denne latinske innskrift: LIBERTINVS. ET. APRVS. CVRATOR. ES. POSI. VERVNT. ɔ: tempelforstandarane Libertinus og Aprus sette (det er: gav denne til templet). Skaali er no i Lorange's samling, Fredrikshald.

** Same trur, at dette maa ha vore eit anna folk enn dei me no kallar finnar, som fyrst skulde vera innkomne i landet i slutten av vikingtidi. (3)